



MF Folgefonn I, LCNE, rapport september 2017

Fartøyet

Etter møte med Riksantikvaren i mars 2017 vart det beslutta at MF Folgefonn skulle slepast til Bredalshomen Dokk og Fartøyvernssenter. I april vart Folgefonn slept til Haugesund og vidare til Bredalsholmen i juni 2017. Folgefonn ligg no i dokk ved Bredalsholmen Dokk og Fartøyvernssenter (BDF), og er klar for vidare arbeid med demontering og klargjering for sandblåsing.

Det vart i september 2017 ansatt ny prosjektleiar for Folgefonn som har fått ansvar for koordinering av vidare arbeid, samt utarbeiding av historisk-teknisk rapport.

Hardanger Fartøyvernssenter hadde oppstartsmøte med BDF 19. september 2017 der ein gjekk gjennom status, ansvarsforhold og vegen vidare. Prosjektleiar planlegg for ein tur til Bredalsholmen denne veka for å gå gjennom detaljar for vidare arbeid og grunnlag for søknadar for 2018 midlar.

Motor

Norsk Veteranmotor AS har heile 2017 jobba med overhaling av motor. Samtidig som dette arbeidet held fram er det er ynskjeleg å benytta deira kompetanse til restaureringsplan samt prosjektering av motorrommet. Det er og tanken at noko av deira kapasitet og kompetanse kan nyttast i forbindelse med overhaling av ulike deler i motorrommet. Prosjektleiar planlegg for ein tur til Rubbetadneset og Norsk Veteranmotor neste veke for gjennomgang av status samt vidare arbeid.

Norheimsund 16.10.2017

Silje Hausberg Tjosås

Prosjektleiar/Fartøyvernkonsulent

Hardanger Fartøyvernssenter



Folgefonn i dokk ved Bredalsholmen Dokk og Fartøyvernssenter.